



Sakliste årsmøtet 18. mai 2026

1. Årsberetning
2. Rekneskap
3. Kveldskontigent
4. Val
5. Eventuelt

Vel møtt!

www.osbk.no



ÅRSMELDING 2025-2026

Styret har vore sammensett slik:

Leiar:	Carl-Otto Curran
Kasserar:	Linda Rasmussen
Styremedlemmer:	Leif Juvik, Wenche T. Nyborg, Joleiv Midttveit
Revisor:	Kåre Kristiansen
Valkomite:	Bjørn Hauge og Frode Dyrstad

Styremøte

To styremøte er avvikla i perioden. Elles held styret kontakt via e- post/telefon.

Spelekveldar

Det er blitt avvikla 36 spelekveldar i perioden. I tillegg til dei ordinære spelekveldane blei det avvikla 3 turneringar på Haaheim Gaard i forbindelse med klubbturen der i januar, og juleturnering i Eldresenteret 27. desember. I juniorklubben er det avvikla ca 20 spelekveldar på biblioteket. I tillegg har klubben vore på ein heil del arrangement rundt omkring, mellom anna juniorleir på Lillehammer, NM junior i Sandnes, NM damelag i Oslo, hyttetur til Fanahytten og skulemeisterskap på Voss.

Aktivitetsnivå

Oppmøtet på spelekveldane denne sesongen har vore litt høgare enn forrige sesong. På dei 31 spelekveldane i perioden august - 13. april har det delteke 311 par, noko som gjev eit snitt på 10 par pr. kveld. Forrige sesongs snitt var 9,8. Snittet pr kveld i sesongen 2019-2020 (siste før pandemien) var 7,6. Ekstra gledeleg er det at fleire av medlemene frå juniorklubben no òg spelar måndagane i eldresenteret.

Medlemmer

Klubben har ved utgangen av mars 2026 29 registrerte medlemmer. Talet ved utgangen av mars 2025 var 32. Juniorklubben har ved utgangen av mars 2026 67 medlemmer (åtte av dei vaksne, resten juniorar). Talet ved utgangen av mars 2025 var 49 (8 + 41)

Bridgemate/meldeboksar/kortdublering

Vi har fungerande bridgematar til 18 bord, ein server, ein printer, ei kortdubleringsmaskin og meldeboksar til ca 20 bord. I tillegg har juniorbridgen og skulebridgen meldeboksar lokalt til sine aktivitetar. Bridgematane vi har begynner no etter kvart å bli slitt, og må kanskje etter kvart vurderast å skiftast ut. Ei slik oppgradering vil ha ein kostnad på ca 40 000.-.

Spelelokale

Alle spelekveldane i perioden er blitt avvikla i Os Eldresenter (ein av kveldane blei spelt i trimrommet i kjellaren). Juniorklubben har hatt sine spelekveldar på Bjørnafjorden bibliotek, hovudbiblioteket i Bahusfabrikken. Skulebridgen har hatt sine aktivitetar på sine respektive skular.

Grasrotandelen/momskompensasjon

Inntektene frå Grasrotandelen blei i 2025 kroner 19. 490- mot 17. 593 i 2024. Juniorklubben hadde 5.554.- i Grasrotmidlar i 2025 mot 6.539 i 2024. Os bridgeklubb har per utgangen av 2024 17 gjevarar, juniorklubben har 8.



Os juniorbridgeklubb

Os juniorbridgeklubb hadde sin første spelekveld i februar 2018 og har no meir enn åtte års drift. På haustparten 2018 blei klubben organisert som eigen klubb, og han er oppe og går med egne vedtekter, eige organisasjonsnummer ect. Dette gjer det enklare å søka på ulike støtteordningar som fins for denne type klubbar.

Medlemstalet har hatt ein god auke dette året, og ved utgangen av mars 2026 er 67 medlemmer registrert i klubben (49 ved utgangen av mars 2025). Frå tre til seks bord har vore i sving på biblioteket dei fleste spelekveldane. Klubben har i løpet av perioden fått betydeleg støtte, både offentleg og frå næringslivet. Hjarteleg takk til Fana sparebank, Sparebanken Vest, Sr-bank, Bufdir, BK Missklikk, SKL, FRAMO og Bjørnafjorden kommune ved kultureininga. Også takk til Bjørnafjorden bibliotek som lar oss låna biblioteket til å ha spelekveldane på, og Lunde barneskule for lån av lokale til skulebridgen. Nokre bilete frå aktivitetar i klubben her:



Kuventrægjengen trener før skulemeisterskapet på Voss. Frå venstre: Sebastian Dhindsa, Henrik Eikrem Riley og Ole Ordahl Hatvik.



Juniorklubben er blitt ein god gjeng når dei samlast. Her lagbiletet frå juleavslutninga 12. desember.



I mars var juniorklubben på tur til Fanahytten saman med Åsane sine juniorar. Her frå velkomstturneringa fredagskvelden.



Skulemeisterskapet samla 20 lag på Voss ungdomsskule første helga etter påske. Lunde barneskule og Kuventræ barneskule stilte frå Os.

Bridge i skulen

Bridge i skulen har vore i sving gjennom heile skuleåret på Lunde barneskule. Dette var tredje året med skulebridge på Lunde. I tillegg til nye elevar denne sesongen har òg ein god del av dei som kom med dei tidlegare åra vore med på tysdagsspelninga her.

Takk til Sienna og Tarjei Vangdal som har tatt hand om det meste av det praktiske med gjennomføringa denne sesongen.

Denne sesongen blei det òg prøvd med bridge i skulen på Nore Neset barneskule og Os barneskule. Her viste det seg å vera vanskelegare å få ting til å fungera, og tilboda blei lagt på is etter nyttår. Nye forsøk blir kanskje gjort på eit seinare tidspunkt på desse skulane.



Bilete frå skulebesøket vårt på Lunde 17. september 2025

VM ungdomslag

VM for ungdomslag blei spelt 11. - 17 juli i Salsomaggiore, Terme, Italia. Solveig Dræge og Sienna Vangdal spelte denne gongen på det norske U16-laget. Med seg på laget hadde dei Theodor Lillejord, Brage H. Moe, Markus H. Moe og Emil Olsen.

Innleiingsvis gjekk det tungt for det norske laget, og det enda med 15. plass i round robbin (alle mot alle). Dermed blei det ingen kvartfinale på laget.

Alle laga som blei slått ut gjekk så vidare i ei board-a-match turnering. Laget hadde då funne flyten og kjempa i tetstriden gjennom heile turneringa. Det enda med ein flott 2. plass og sølvmedalje til laget. Gratulasjonar til alle på laget! Her er nokre bilete frå VM:



I VM er det speling med skjermar.



Sølv-laget frå VM i Italia juli 2025. Sienna nunner tre frå høgre, Solveig nummer to

Simultanturneringar

Klubben har som vanleg deltatt på simultanturneringane som har gått på måndagar. Pr 20. april er Bjørn Hauge den av våre som ligg best an i samandraget med ein 32. plass. Ca 3700 spelarar har deltatt i simultanturneringar denne sesongen.

MP-treff

MP-treffet blei tradisjonen tru spelt første veka i desember. Vi var med måndag 1. desember, og det var tett på siger denne gongen då Bjørn Hauge og Frode Dyrstad kun var ca 30 poeng bak vinnarane, og blei med det nummer to. Ingen andre par frå klubben nådde i premie. 238 par deltok i turneringa.

Os BK juleturnering

Juleturneringa vår blei som vanleg spelt i romjula, denne gongen laurdag 27. desember. 26 par deltok i årets turnering. Vi hadde gjerne ynskt nokre bord meir, men det blei ei flott turnering uansett. Denne gongen blei turneringa spelt som monradturnering; 11 runara a 4 spel, noko som såg ut til å falla i god smak hos dei som deltok.

Sigere gjekk til Erik Wiström - Eivind Thorvaldsen frå Bergen Akademiske Bridgeklubb, med Arild Rasmussen - Bjørn Olav Ekren på andre plass, også dei frå BAK. Tredje pallplass gjekk til forrige års vinnarar; Sugurd Østerbøvik - Jim Høyland, Kopervik BK/Bergen Akademiske BK.

Takk til Morten Eide for flott turneringsleiing og Nora Rasmussen som kjøkkensjef. Her følgjer nokre bilete frå turneringa:



Lokaloppgjjer i juleturneringa. Reidar Dale og Carl-Otto Curran mot Henrik Eikrem Riley og Sebastian Dhindsa frå juniorklubben.



Nesten lokaloppgjør. Linda Rasmussen - Wenche Nyborg mot Øyvind Fedøy - Kjetil Heggen frå Austevoll bridgeklubb.



Juleturneringa denne gongen blei vunne med god margin av Erik Wiström (til venstre) og Eivind Thorvaldsen, begge frå Bergen Akademiske BK

Tur til Haaheim Gaard

Første post på bridgeprogrammet i 2026 var den årlege klubbturen. Denne gongen som forrige gong gjekk turen til Haaheim Gaard på Tysnes 3. - 4. januar. Deltakinga denne gongen var noko lågare enn tidlegare år, noko som kanskje skuldast at det blei vel tett opptil jul og nyttår. Det blei likevel ei fin helg for dei tolv som deltok, men mykje bridge, god mat, lått og løye. Resultata frå turneringane ligg under resultatdelen. Her nokre bilete frå helga på Haaheim.



Flotte spelelokale på Haaheim. Her Anne Merete Heggland og Trond Arne Tvedt mot Kåre Aasen og Grete Haugland.



Gjengen til bords for lunsj.

NM junior

NM junior gjekk helga 26. - 28. september. Denne gongen var det Sola bridgeklubb som arrangerte, og turneringa gjekk i det flotte kulturhuset i Sandnes.

Frå Os deltok det to par i kvar av dei tre klassane. Best plassering blei det for Iben Aksvik Drønen - Ida Sophie Walde som blei nummer 5 i tiro junior. Øvrige plasseringar ligg under resultatdelen. Her følgjer nokre bilete frå helga i Sandnes.



Sola kulturhus er ypperleg til bridgespeling,



Lokaloppgjjer i Sandnes når Ida Sophie Walde - Iben Askvik Drønen møter Erik Gubik - Natan Gubik.

Storefjellfestivalen

Storefjellfestivalen blei spelt langhelga 4. - 7. september. Festivalen har etter kvart vakes seg stor og samlar no ca 300 spelarar frå heile landet. Denne gongen hadde ein stor gjeng frå Os teke turen og ca 25 personar, både seniorar og juniorar hadde eit flott opphald på Storefjell.

Resultatmessig gjekk det òg bra med flotte samanlagt plasseringar. Beste frå Os blei Tor Anders Hauge på sjetteplass, Bjørn Hauge på niande og Kåre Aasen på tiande. Øvrige resultat ligg under resultatdelen, her nokre bilete frå helga på Storefjell.



Det måtte buss til for å frakta alle osingane til Storefjell denne gongen. Leif Fjellro frakta oss trygt, både fram og tilbake.



Ikkje grunn til å klaga på spelelokala på Storefjell. Ida Sophie Walde og Iben Askvik Drønen på bordet nærmast kamera her.



Ikkje bare bridge når juniorgjengen frå Os er på tur.



Kan trygt seia at det var motstand å få på Storefjell denne gongen. Her er Ada Tyssøy Folgerø Holen - Jenny Jansen-Søndergaard i kamp mot fleire gonger verdsmeister Boye Brogeland som hadde teke turen til Storefjell saman med dottera Mie.



Kvar kveld var det spelgjennomgang med Boye Brogeland

NM klubblag

Sesongens sportslege høgdepunkt kom utvilsomt i NM for klubblag. Turneringa startar på haustparten og pågår med cupspel gjennom heile vinteren med finalespel for dei åtte beste laga i mai.

Os sitt lag, bestående av Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Reidar Dale, Kåre Aasen og Kåre Kristiansen var nær ved å gjera det heilt store denne gongen då dei spelte seg heilt fram til sjette og siste utslagsrunde før finalen. Siste hinder var Brevik BK, og etter ein jamn første halvdel av kampen blei dessverre Brevik får sterke i andre halvrunde og vann kampen klart. Uansett eit flott resultat for laget.

Juniorklubben deltok òg med eit lag i turneringa, men blei slått ut tidleg.

Realbridge online lag

Realbridge online lag er ei populær turnering som samlar mange lag. Turneringa startar med gruppespel i perioden februar og fram til påske, og sluttspel for dei 32 beste laga etter påske. Frå klubben vår har det deltatt spelarar på ei rekkje lag i åpen klasse. Best gjekk det for lag Vestland med Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Morten Bygstad, Anders Dræge, Kåre Kristiansen og Kåre Aasen på laget. Laget nådde heilt til kvartfinalen, men der blei det eit lite tap mot Rubben frå Rubbestadneset.

Seriemesterskapet 2023 - 2024

3. divisjon avdeling D, Skei/Bergen - Bergen (10 lag)

Hordaland 7 stilte med fire frå Os BK på laget, Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Tor Anders Hauge og Carl-Otto Curran. I tillegg var Rune Fagerbakke og Bjarte Haugland frå Austevoll på laget, og Arne Osnes Devik frå Breim BK. Laget hadde ei fin turnering og kom trygt inn på femteplass i turneringa. Laget er dermed sikra ein ny sesong i divisjonen.

NM damelag

NM damelag blei spelt helga 6. - 8. mars og frå juniorklubben deltok to lag i tiro-klassen. Best gjekk det med laget Pink Legends som blei nummer 11 blant dei 21 laga i klassen. På laget spelte Solveig Dræge, Sienna Vedå Vangdal, Iben Askvik Drønen og Ida Sophie Walde. Laget Black is the new pink blei nr 21. Laget bestod av Steffani Moen Dyrstad, Marielle Bygnes, Josephine Valkner og Victoria Valkner.

Kretsmesterskap for par

KM for par gjekk 18. april på Hop oppveksttun. Gledeleg oppgang i interessa for turneringa denne gongen med 21 par til start. Ingen av våre par nådde opp i kampen om KM-tittelen og dermed plass i NM-finalen. Beste par blei Bjørn Hauge - Frode Dyrstad med 8. plass.

Kretsmesterskap for lag

KM for lag gjekk søndag 19. april. Best plassering i denne turneringa blei det for Bjørn Hauge, som på eit lag ellers bestående av spelarar frå Bergen Akademiske BK blei nummer to i turneringa. Os sitt lag som hadde Birger Torgersen, Knut Wik Opheim, Kåre Kristiansen og Kåre Aasen på laget blei nummer 6.

Servering

Etter at Florence Østrem flytta til austlandet sommaren 2019 har vi ikkje hatt nokon til å laga vaflar og pannekaker som tidlegare. På spelekveldane har vi no normalt nytrekt kaffi og noko ferdigkjøpt, til dømes lefser eller kaker.

Økonomi

Frå og med 2022 følgjer rekneskapen kalenderåret. Dette grunna reglar for momskompensasjon frå lotteritilsynet. For 2025 fekk klubben eit overskot på kroner 8 765.-. Juniorklubben hadde eit overskot på kroner 94 628.-.

Speleavgift

Årsmøtet mai 2019 vedtok å auka kveldskontigenten til kr. 70.- pr. spelekveld, men med høve til å betala for alle kveldane samla (2 gonger pr. sesong) til kroner 60.- pr. kveld. Ca 10 medlemmer betalte kveldskontigenten på sistnemnde måte denne sesongen, og vi satsar på å halda fram med den også komande sesong.

Resultatoversikt

Sauda BK, pinsebridge 6. - 8. juni 2025

Velkomstturnering, 6. juni (18 par)

10. Leif Fjellro - Jan Ivar Wannberg, Os BK/Sjømannsbridgen BK

Hovudturnering, 7. - 8. juni (26 par)

24. Leif Fjellro - Einar Grønnevik, Os BK/Sjømannsbridgen BK

VM ungdomslag, 11. - 17. juli 2025, Salsomaggiore, Terme, Italia

U16, (18 lag)

15. Noreg; Solveig Dræge, Sienna V. Vangdal, Theodor Lillejord, Brage H. Moe, Markus H. Moe, Emil Olsen; Os juniorbridgeklubb, Os juniorbridgeklubb, Farsund BK, Helgeland Juniorbridgeklubb, Helgeland Juniorbridgeklubb, Trondheim ungdomsbridgeklubb

Laget nådde ikkje kvartfinale (dei 8 beste)

Board-a-match (15 lag)

2. Noreg U16. Sølvmedaljar til same laget som spelte U16 i byrjinga av meisterskapet

Svensk bridgefestival 2025, 25. juli - 3. august 2025 Ørebro, Sverige

Silver 1, 25. juli, IMP over feltet (66 par)

64. Verina Dahl - Tor Anders Hauge, Nøtterøy BK/Os BK

Chairman´s Cup, 26. juli - 31. juli (159 lag)

154. Pinglane; Tor Anders Hauge, Verina Dahl, Elisabeth Østrem, Magne Vike, Leif Fjellro, Trond Hjort; Os BK/Nøtterøy Bk/Nøtterøy BK/Lågen BK/Os BK/Lågen BK

Laget nådde ikkje sluttspølet

Bronse 5, strata, 26. juli, (63 par)

19. Leif Fjellro - Tor Anders Hauge

Bronse 9, 28. juli, (346 par)

86. Verina Dahl - Tor Anders Hauge, Nøtterøy BK/Os BK

288. Leif Fjellro - Jan Ivar Wannberg, Os BK/Ølen BK

Silver 4, 28. juli, (124 par)

88. Verina Dahl - Tor Anders Hauge, Nøtterøy BK/Os BK

Bronse 12, 29. juli, (434 par)

190. Rikard Nilsson - Tor Anders Hauge, BK Allians, Halmstad/Os BK

344. Tarjei Vangdal - Anders Dræge, Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

Bronse 13 HPC, 29. juli, (305 par)

138. Tore Berge - Tor Anders Hauge, Lyngdal BK/Os BK

285. Tarjei Vangdal - Anders Dræge, Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

Bronse 14, strata, 29. juli, (126 par)

34. Tarjei Vangdal - Anders Dræge, Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

90. Elisabeth Østrem - Tor Anders Hauge, Nøtterøy BK/Os BK

Bronse 17, 30. juli, (310 par)

138. Tor Erik Hermansen - Tor Anders Hauge, Tønsberg BK/Os BK

204. Tarjei Vangdal - Anders Dræge, Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

Silver 6 grøna hissen lag, 30. juli, (81 lag)

73. Rødhåret mini-Olsen; Tor Anders Hauge, Verina Dahl, Anders Dræge, Tarjei Vangdal, Os BK/Nøtterøy BK/Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

Bronse 21, 31. juli, (247 par)

36. Tarjei Vangdal - Anders Dræge, Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

Bronse 22 HCP, 31. juli, (188 par)

58. Tarjei Vangdal - Anders Dræge, Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

Bronse 23, strata, 31. juli, (77 par)

51. Tarjei Vangdal - Anders Dræge, Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

Norsk bridgefestival 2025, 1. august - 9. august 2025 Lillehammer

Åpningsturnering, 1. august (61 par)

12 Tarjei Vangdal - Anders Dræge, Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

27. Torbjørn Mo - Hege Charlotte Faber, Os juniorbridgeklubb/BK Ruterknekt

46. Leif Fjellro - Mona Nordbø, Os BK/Sotra BK

NM Mix-par, 2. - 3. august (152 par)

129. Tarjei Vangdal - Sienna Vedå Vangdal

Festival 1, 2. august (18 par)

7. Leif Fjellro - Odd Halvor Schølberg, Os BK/Vega BK

14. Herman Moberg - Torbjørn Mo

Festival 2 HCP, 2. august (18 par)

8. Leif Fjellro - Anita Einem, Os BK/Skånland BK

17. Herman Moberg - Torbjørn Mo

Festival 3, 3. august (16 par)

9. Leif Fjellro - Mikkel Øynebråten Kirkebøen Os BK/Hemsedal BK

12. Herman Moberg - Torbjørn Mo

Festival 4 HCP, 3. august (40 par)

24. Torbjørn Mo - Ida Kristine Mathisen, Os juniorbridgeklubb/Helgeland
Juniorbridgeklubb

33. Tarjei Vangdal - Sonja Stokka, Os juniorbridgeklubb/Rubbestadneset BK

NM Mix-lag, 3. - 4. august (74 lag)

55. SALL; Line-Beate Tollefsen, Sigurd Reiten, Anita Einem, Leif Fjellro, Vestvågøy BK/Vestre Gausdal BK/Skånland BK/Os BK

Festival 5, 4. august (24 par)

13. Tarjei Vangdal - Herman Moberg

Festival 6 HCP, 4. august (36 par)

6. Markus Bruno - Torbjørn Mo, Kristiansands BK/Os juniorbridgeklubb

8. Tarjei Vangdal - Herman Moberg

Festival 7, 5. august (44 par)

14. Tarjei Vangdal - Herman Moberg

36. Sienna Vedå Vangdal - Torbjørn Mo

Haustbridge Austevoll, 30. august 2025 (17 par)

3. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

11. Tarjei Vangdal - Tor Anders Hauge

13. Anders Dræge - Solveig Dræge, Bergen Akademiske BK/Os juniorbridgeklubb

15. Linda Rasmussen - Leif Juvik

Storefjellfestivalen 2025, 4. - 7. september 2025, Storefjell hotel

Storefjell nr. 1, 4. september (78 par), plassering med handicap i parentes

2. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad (8)

23. Leif Fjellro - Kåre Aasen (52)

26. Tarjei Vangdal - Tor Anders Hauge (44)

37. Thor Wilhelm Fredheim - Torbjørn Mo, Luster BK/Os juniorbridgeklubb (7)

50. Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau (62)

57. Leif Juvik - Sienna Vedå Vangdal (61)

64. Venke Handeland - Anne H. Martinsen, BK Missklikk/Os BK (37)

71. Håvard Mathisen - Grete Haugland, Leirfjord BK/Os BK (32)

74. Ada Tyssøy Folgerø Holen - Jenny Jansen-Søndergaard (50)

77. Steffani Moen Dyrstad - Mariell Bygnes (64)

78. Iben Askvik Drønen - Ida Sophie Walde (72)

Storefjell mini no 1, 4. september (6 par)

1. Thea Hjemdal Lekven - Ella Strømsvik

5. Live Madelen Skaar Mortensen - Luna Folgerø-Holen

6. Ranveig Hergum - Nova Tyssøy Folgerø-Holen

Storefjell nr. 2, 5. september (84 par), plassering med handicap i parantes

1. Erik Dahl - Leif Fjellro, Kristiansands BK/Os BK (2)

2. Tor Einar Haddeland - Tor Anders Hauge, Øyestad BK/Os BK (3)

22. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad (51)

25. Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau (39)

29. Kåre Aasen - Bjørn Sture Valen, Os BK/Grendland BK (60)

32. Tarjei Vangdal - Leif Juvik (58)

78. Ibe Askvik Drønen - Ida Sophie Walde (35)

83. Steffani Moen Dyrstad - Marielle Bygnes (81)

84. Jenny Jansen-Søndergaard - Ada Tyssøy Folgerø Holen (84)

Storefjell nr. 3, 5. september (97 par), plassering med handicap i parantes

2. Egil Hansen - Kåre Aasen, Moss BK/Os BK (3)

4. Rune Fagerbakke - Tor Anders Hauge, Austevoll BK/Os BK (6)

12. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad (33)

14. Tarjei Vangdal - Leif Juvik (23)

41. Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau (67)

52. Bjørn Sture Valen - Leif Fjellro, Grenland BK/Os BK (72)

63. Fred Ledly Fredheim - Torbjørn Mo, Luster BK/Os juniorbridgeklubb (7)

82. Grete Haugland - Anne Linda Hove (31)

83. Iben Askvik Drønen - Ida Sophie Walde (40)

90. Hjerdis Sæther - Anne H. Martinsen, BK Missklikk/Os BK (64)

93. Ada Tyssøy Folgerø Holen - Jenny Jansen-Søndergaard (77)

95. Steffani Moen Dyrstad - Marielle Bygnes (85)

Storefjell nr. 4, 6. september (90 par), plassering med handicap i parantes

4. Rune Fagerbakke - Tor Anders Hauge, Austevoll BK/Os BK (9)

15. Kåre Aasen - Svein Harald Riisnes, Os BK/Horten BK (54)

16. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad (38)

37. Torbjørn Mo - Elsa Bergljot Thonhaugen, Os juniorbridgeklubb/Horten BK (6)

48. Hjerdis Sæther - Anne H. Martinsen, BK Missklikk/Os BK (5)

50. Leif Fjellro - Bjørn Sture Valen, Os BK/Grendland BK (63)

79. Sienna Vedå Vangdal - Tarjei Vangdal (86)

- 80. Iben Askvik Drønen - Ida Sophie Walde (51)
- 84. Steffani Moen Dyrstad - Marielle Bygnes (58)
- 86. Grete Haugland - Berit Krogh, Os BK/Spydeberg BK (69)
- 89. Ada Tyssøy Folgerø Holen - Jenny Jansen-Søndergaard (82)

Storefjell nr. 5, 6. september (100 par), plassering med handicap i parantes

- 10. Erik Dahl - Kåre Aasen, Kristiansands BK/Os BK (41)
- 20. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad (53)
- 29. Tor Anders Hauge - Ingunn Skre, Os BK/BK 1933 Tromsø (44)
- 40. Leif Fjellro - Svein Harald Riisnæs, Os BK/Horten BK (86)
- 60. Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau (92)
- 71. Tarjei Vangdal - Leif Juvik (97)
- 90. Hjørdis Sæther - Anne H. Martinsen, BK Missklikk/Os BK (39)
- 91. Iben Askvik Drønen - Ida Sophie Walde (37)
- 93. Hilde Torstensrud - Grete Haugland, Kløver ess/Os BK (71)
- 94. Fred Ledley Fredheim - Torbjørn Mo, Luster BK/Os juniorbridgeklubb (49)
- 99. Steffani Moen Dyrstad - Marielle Bygnes (94)
- 100. Ada Tyssøy Folgerø Holen - Jenny Jansen-Søndergaard (100)

Storefjell nr. 6, 7. september (94 par), plassering med handicap i parantes

- 4. Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge (14)
- 13. Leif Fjellro - Kåre Aasen (29)
- 20. Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau (35)
- 35. Fenja Money - Sienna Vedå Vangdal, Hemsedal BK/Os juniorbridgeklubb (6)
- 41. Frode Dyrstad - Tarjei Vangdal (63)
- 47. Leif Juvik - Oddbjørn Skeie, Os BK/Åsane BK (80)
- 74. Hjørdis Sæther - Anne H. Martinsen, BK Missklikk/Os BK (24)
- 82. Fred Ledley Fredheim - Torbjørn Mo, Luster BK/Os juniorbridgeklubb (45)
- 84. Steffani Moen Dyrstad - Marielle Bygnes (53)
- 93. Ada Tyssøy Folgerø Holen - Jenny Jansen-Søndergaard (86)
- 94. Iben Askvik Drønen - Ida Sophie Walde (93)

Haustbridge Storefjell 2025, samanlagt, topp 10-plasseringar frå klubben

- 6. Tor Anders Hauge
- 9. Bjørn Hauge
- 10. Kåre Aasen

Haustbridge Storefjell 2025 HCP, samanlagt, topp 10-plasseringar frå klubben

- 8. Tor Anders Hauge
 - 9. Torbjørn Mo
-

NM junior, 26. - 28. september 2025, Sola kulturhus

Åpen klasse (24 par)

13. Solveig Dræge - Sienna Vedå Vangdal

24. Torbjørn Mo - Inga Eriksen Valnes, Os juniorbridgeklubb/Sandnessjøen BK

Tiro junior (23 par)

5. Ida Sophie Walde - Iben Askvik Drønen

23. Erik Gubik - Natan Gubik

Tiro junior rekrutt (15 par)

8. Sebastian Dhindsa - Ole Ordahl Hatvik

10. Henrik Eikrem Riley - Luka Tvedt Thuen - Tobias Brattholmen

Maritim cup - Haugesund, 3. - 5. oktober 2025, Maritim Hotell Haugesund

Velkomstturnering, 3. oktober - Øyvind Hagas minneturnering (31 par)

4. Tor Anders Hauge - Rune Fagerbakke, Os BK/Austevoll BK

26. Leif Fjellro - Einar Grønnevik, Os BK/Sjømannsbridgen BK

28. Tarjei Vangdal - Kåre Aasen

Hovudturnering, 4. - 5. oktober (24 lag)

14. BjørnaFrode; Rune Fagerbakke, Tor Anders Hauge, Tarjei Vangdal, Kåre Aasen, Austevoll BK/Os BK/Os BK/Os BK

23. FORUT; Leif Fjellro, Einar Grønnevik, Terje Edvardsen, Dagfinn Loftesnes, Os BK/Sjømannsbridgen BK/Askøy BK/Askøy BK

NM klubbtag 2025-2026, oktober 2025 - mai 2026 (160 lag)

Os juniorbridgeklubb; Torbjørn Mo, Leif Juvik, Sienna Vedå Vangdal, Solveig Dræge, Ida Sophie Walde, Iben Askvik Drønen, Tarjei Vangdal

Os BK; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Kåre Kristiansen, Kåre Aasen, Carl-Otto Curran, Reidar Tore Dale

Runde 1+2

	IMP	VP
Os BK - Bergen Akademiske BK 4	68 - 40	15.23 - 4.77
Bergen Akademiske BK 3 - Os BK	67 - 52	13.13 - 6.87
Os juniorbridgeklubb - Austevoll BK	42 - 97	1.35 - 18.65
Bergen Akademiske BK 2 - Os juniorbridgeklubb	82 - 47	16.51 - 3.49

Os BK vidare til 3. runde

3. runde

Bergen Akademiske BK 2 - Os BK 59 - 73

4. runde

Klepp BK 3 - Os BK 56 - 112

5. runde

Os BK - Lunde BK 97 - 60

6. runde

Brevik BK - Os BK 100 - 51

Alle lag dermed ute av turneringa

Seriemeisterskapet 2025 - 2026

3. divisjon avd. D , Skei/Bergen (10 lag)

5. Hordaland 6, Fagerbakke; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Tor Anders Hauge, Carl-Otto Curran, Rune Fagerbakke, Bjarte Haugland, Arne Osnes Devik; Os BK/Os BK/Os BK/Os BK/Austevoll BK/Austevoll BK/Breim BK

Juniorsamling, Ørebro, 30. oktober - 2. november 2025, Ørebro, Sverige

31. oktober, Riksläger 3, Crazy Pairs (22 par)

9. Bernhard Gilde - Torbjørn Mo; Trondheim ungdomsbridgeklubb/Os juniorbridgeklubb

31. oktober, Riksläger 4, (12 par)

1. Torbjørn Mo - Felicia Asplund Sivelind, Os juniorbridgeklubb/LundvikaBygdens BK

1. november, Riksläger 5, Speedy Gonzales (16 par)

7. Torbjørn Mo - Vårin Slettmyr, Os juniorbridgeklubb/Sømna BK

Bridge for alle, Tenerife 10. - 22. november 2025

BFA B, 10. november 2025 (14 par)

10. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA B, 11. november 2025 (13 par)

4. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA B, 12. - 13. november 2025, hovudturnering (17 par)

5. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA 14. november 2025, mix (27 par)

26. Linda Rasmussen - Ole Hatløy, Os BK/Melandsknekten BK

BFA, 15. november 2025 (29 par)

15. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA 18. november 2025, mix (28 par)

19. Linda Rasmussen - Per Ivar Vedå, OS BK/Larvik BK

BFA B, 19. - 20. november 2025, hovudturnering (15 par)

11. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA, 21. november 2025 (27 par)

4. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA, 22. november 2025 (14 par)

9. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

Nasjonal juleavslutning skulebridgen. 29. november 2025, Realbridge (25 par)

5. Iben Askvik Drønen - Ronja Dybedokken Fuglestein, Os juniorbridgeklubb/Båro BK

Os BK juleturnering 2025, 27. desember, Os eldresenter (26 par)

4. Tarjei Vangdal - Tor Anders Hauge
 7. Leif Juvik - Kåre Aasen
 10. Linda Rasmussen - Wenche Torgersen Nyborg
 12. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad
 18. Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau
 19. Knut Wik Opheim - Birger Solvang Torgersen, Åsane BK/Rubbestadneset BK
 20. Reidar Tore Dale - Carl-Otto Curran
 21. Anders Dræge - Solveig Dræge, Bergen Akademiske BK/Os juniorbridgeklubb
 24. Henrik Eikrem Riley - Sebastian Dhindsa
 25. Grete Haugland - Harald Ulland
 26. Iben Askvik Drønen - Ida Sophie Walde
-

Klubbtur Haaheim Gaard, 3. - 4. januar 2026 (12 spelarar)

Dei som var med: Kåre Aasen, Harald Ulland, Eva Hårklau, Trond Arne Tvedt, Tor Anders Hauge, Tarjei Vangdal, Grete Haugland, Wenche Nyborg, Anne Merete Heggland, Torhild Rasmussen, Jarle Tvedt, Leif Juvik

Laurdag 3. januar, lagkampar

Raudt lag: Kåre, Jarle, Leif, Wenche, Harald, Grete
Svart lag: Tor Anders, Tarjei, Torhild, Anne Merete, Trond Arne, Eva

Kamp 1: Raudt - svart: 102 - 51

Kamp 2: Raudt - svart: 52 - 15

Laurdag 3. januar, parturnering med trekning av makker

1. Tor Anders - Eva
2. Torhild - Jarle
Tarjei - Wenche
4. Trond Arne - Anne Merete
5. Grete - Kåre
6. Leif - Harald

Søndag 4. januar, singleturnering

1. Trond Arne
2. Kåre
3. Tarjei
4. Leif

5. Grete
 6. Wenche
Jarle
Tor Anders
 9. Torhild
 10. Anne Merete
Eva
Harald
-

Bridge for alle, Tenerife 12. - 31. januar 2026

BFA 6B, 19. januar (77 par)

29. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA 7- åpen, 20. januar (12 par)

12. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA 8B, 21. - 22. januar, hovudturnering (80 par)

15. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA 9B, 23. januar, (40 par)

35. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

BFA 10C, 24 januar, (26 par)

5. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

RealBridge online lag 2026, åpen klasse, 9. februar - 10. mai 2026, realbridge

4. Vestland; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Morten Bygstad, Anders Dræge, Kåre Kristiansen, Kåre Aasen, Os BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK/Os BK/Os BK

6. Juniorer Norge rundt; Sebastian Lillejord, Alfred Johan Skråmestø Brandel, Theodor Lillejord, Brage Hansen Moe, Solveig Dræge, Sienna Vedå Vangdal, Farsund BK/Farsund BK/Farsund BK/Sandnessjøen BK/Os juniorbridgeklubb/Os juniorbridgeklubb

5. Fire Kortslutninger; Birger Solvang Torgersen, Dag Inge Torgersen, Ivar Byberg, Margrethe Vassøy, Os BK/Klepp BK/Sola BK/Klepp BK

7. Haddelands Disipler; Tor Einar Haddeland, Tor Anders Hauge, Leif Fjellro, Venke Handeland, Bo Andreas Berg, Tarjei Vangdal, Øyestad-Arendal BK/Os BK/Os BK/Øyestad-Arendal BK/Åsen-Frostad BK/Os BK

Vestland vidare til cup-spel (runde med 32)
Fjellfolk - Vestland. 43 - 90

Runde med 16
Gunnleivs venner - Vestland 60 - 67

Kvartfinale
Rubben - Vestland 65 - 54

Alle våre lag er dermed ute av turneringa

NM damelag 2025, 7. - 8. mars 2026, Quality Hotel Hasle Linie, Oslo

Tiro damelag 2026 (21 lag)

11. Pink Legends; Solveig Dræge, Sienna Vedå Vangdal, Iben Askvik Drønen, Ida Sophie Walde

21. Black is the new pink; Steffani Moen Dyrstad, Marielle Bygnes, Josephine Valkner, Victoria Valkner

Dalanetreffen 2026, 14. mars 2026, Hållå på Eigerøy (23 par)

14. Anders Østrem - Tor Anders Hauge, Nøtterøy BK/Os BK

Scandic Hamar påskebridge 2026, 28. - 30. mars 2026, Scandic Hamar

28. - 29. mars, lagturnering (30 lag)

27. Norge U16; Theodor Lillejord, Solveig Dræge, Markus Hansen Moe, Brage Hansen Moe; Farsund BK/Os juniorbridgeklubb/Helgeland Juniorbridgeklubb/Helgeland Juniorbridgeklubb

30. Toppidrett 1; Torbjørn Mo, Inga Eriksen Valnes, Bernhard Gilde, Emil Bårdsen Holelien, Hedvig Lindaas Nordby, Sander Haulan, Bo Fodstad Anjer; Os juniorbridgeklubb/Sandnessjøen BK/Trondheim ungdomsbridgeklubb/Farsund BK/Øyestad-Arendal BK/Farsund BK/Topbridge BC

Norsk skolemesterskap 2026, 10. - 12. april 2026, Voss ungdomsskule (20 lag)

6. Lunde/Os; Nadya Lucia Seljelid Nikkinen, Nora Nordstrøm, Kian Burgman (+ ein spelar lånt frå anna lag, ny spelar frå kamp til kamp)

12. Kuventræ skule; Henrik Eikrem Riley, Luka Tvedt Thuen, Ole Ordahl Hatvik, Sebastian Dhindsa, Tobias Pucci Brattholmen

KM par Hordaland, 18. april 2026, Hop oppveksttun (21 par)

8. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

13. Leif Juvik - Joleiv Midttveit

14. Anders Dræge - Tarjei Vangdal, Bergen Akademiske BK/Os BK

17. Birger Solvang Torgersen - Knut Wik Opheim

KM lag Hordaland, 19. april 2026, Hop oppveksttun (7 lag)

2. Kortslutning; Anders Dræge, Bjørn Hauge, Eivind Thorvaldsen, Erik Wiström, Bergen Akademiske BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK

6. Os 1; Kåre Kristiansen, Kåre Aasen, Knut Wik Opheim, Birger Solvang Torgersen, Os BK/Os BK/Åsane BK/Os BK

Maibridge 2026, 1. mai 2026, Rubbhallen, Rubbestadneset (?? par)

8. Dag Inge Torgersen - Birger Solvang Torgersen; Klepp BK/Os BK

25. Leif Juvik - Joleiv Midttveit

30. Trond Arne Tvedt - Eva Hårklau

40. Wenche Torgersen Nyborg - Linda Rasmussen

Rekneskap for Os bridgeklubb

Året 2025

Året 2024

Inntekter

Kvelds- og årskontingent – bank	7 870.00	11 200.00
Kvelds og årskontingent mm – vipps	86 371.00	98 667.00
Kontant kiosk	0.00	0.00
Grasrotandel	18 699.00	17 549.00
Momskompensasjon	10 733.00	7 619.00
Nyttårsturneringa (1)	38 453.00	21 046.00
Sum driftsinntekter:	162 126.00	156 081.00

Utgifter

Leige av lokaler	41 800.00	38 500.00
Premier	900.00	917.00
Kontingent NBF	10 350.00	11 600.00
Diverse NBF – serviceavgift	15 005.00	16 131.00
Varekjøp	4 071.00	3 600.00
Gebyr	120.00	122.00
Andre kostnader (2)	53 996.00	56 484.00
Blomster	2 130.00	0.00
Støtte	1 200.00	3 100.00
Nyttårsturneringa	28 146.00	17 209.00
Sum driftsutgifter:	157 718.00	147 663.00

Renteinntekter og utbytte	4 357.00	4 383.00
---------------------------	----------	----------

Resultat:	8 765.00	12 801.00
------------------	-----------------	------------------

Balanse pr. 31. 12 2025

Sparekonto:	83 070
Brukskonto:	93 666
Totalt	176 736 (3)

Balanse pr. 31. 12 2024

Sparekonto:	80 033
Brukskonto:	87 938
Totalt	167 971

Noter

1. Nyttårs/jule-turneringa i romjula kjem oftast rekneskapsmessig på året etter grunna helgedagar etc. I 2025 så kom stort sett både turneringa i desember 2024 og desember 2025 med på rekneskapen for året 2025.

2. Andre kostnader er for det meste januarturen til Os BK – her vert det betalt inn forskot i desember og rekninga kjem i januar/februar året etter.

3. Sidan det var innbetalt eit forskot på kr 34 140 for turneringa på Haaheim Gaard var formua til klubben på kr 142 595.

Carl-Otto Curran Kåre Kristinsen

Linda Rasmussen

Rekneskap for Os juniorbridgeklubb

	Året 2025	Året 2024
Inntekter		
Kontigenter	0.00	0.00
Grasrotandel	6 152.00	6 258.00
Tilskudd/sponsing	286 682.00	140 345.00
Tilskudd dugnad	9 325.00	0.00
Reisestøtte	27 096.00	31 418.00
Momskompensasjon	14 529.00	12 891.00
Tilskudd arrangement	0.00	22 900.00
Annet	67 842.00	0.00
Sum driftsinntekter:	411 626.00	213 812.00
Utgifter		
Deltakeravgift	7 575.00	3 100.00
Gebyr	537.00	487.00
Klubbkvelder	32 828.00	24 285.00
Lønn skolebridge	18 000.00	11 200.00
Reiseutgifter	204 513.00	96 075.00
Utstyr skolebridge	48 646.00	9 571.00
Junior-NM	0.00	55 169.00
Annet	9 312.00	0.00
Sum driftsutgifter:	321 411.00	199 887.00
Renteinntekter og utbytte	4 413.00	525.00
Resultat:	94 628.00	14 450.00

	Balanse pr. 31. 12 2025	Balanse pr. 31. 12 2024
Bankinnskudd Sparebanken Norge	95 422	54 852
Bankinnskudd BN-bank	104 583	50 525
Totalt	200 005	105 377

Noter

Inndelingen på «utgifter» er endret i tråd med den inndelingen kasserer bruker.

Sarje Vangdal

Kåre Kristinsen

Linda Rasmussen

Revisjonsberetning regnskapsåret 2025

Os Bridgeklubb

Jeg har revidert regnskapet for Os Bridgeklubb for regnskapsåret 2025. Det viser et overskudd på kr 8 764.

Årsregnskapet består av balanse og noteopplysninger. Årsregnskapet er avlagt av styret og regnskapsfører. Min oppgave er å uttale meg om bokføringen og årsregnskapet.

Jeg har kontrollert at:

- Den løpende bokføringen stemmer med underlaget og er dokumentert med bilag.
- Balansepostene er avstemt og dokumentert.
- Resultatpostene stemmer med bokføringen.
- Noteopplysningene stemmer med grunnlaget.

Jeg har ikke revidert årsberetningen og kan ikke uttale meg om den.

Min kontroll har ikke avdekket vesentlige feil eller mangler og jeg mener at årsregnskapet gir et riktig uttrykk for lagets økonomiske stilling pr 31/12-2025 og for lagets drift.

Bergen 8/5 – 2026

Kåre Kristiansen

Kåre Kristiansen

Revisjonsberetning regnskapsåret 2025

Os juniorbridgeklubb

Jeg har revidert regnskapet for Os juniorbridgeklubb for regnskapsåret 2025. Det viser et overskudd på kr 94 628.

Årsregnskapet består av balanse og noteopplysninger. Årsregnskapet er avlagt av styret og regnskapsfører. Min oppgave er å uttale meg om bokføringen og årsregnskapet.

Jeg har kontrollert at:

- Den løpende bokføringen stemmer med underlaget og er dokumentert med bilag.
- Balansepostene er avstemt og dokumentert.
- Resultatpostene stemmer med bokføringen.
- Noteopplysningene stemmer med grunnlaget.

Jeg har ikke revidert årsberetningen og kan ikke uttale meg om den.

Min kontroll har ikke avdekket vesentlige feil eller mangler og jeg mener at årsregnskapet gir et riktig uttrykk for lagets økonomiske stilling pr 31/12-2025 og for lagets drift.

Bergen 9/5 – 2026

Kåre Kristiansen

Kåre Kristiansen